

Vi har også eit samarbeid med bedehusa rundt i nærområdet. Dersom desse ønskjer å samarbeide om eit konfirmantopplegg av ulike årsakar, kan det vere naturleg å legge opp til samlingar saman.

MÅL

Konfirmasjonsdagen for dei konfirmantane som går i 9. klasse er søndag 24. mai 2020. Denne samlinga blir lagt opp som eit møte. Foreldre, søsken og andre gjestar vil på denne dagen få nokre glimt frå Kontakt-tida, konfirmantane får ei gåve frå oss og vi ber for kvar av konfirmantane.

Kontaktpersonar

- **Bjørn Ingvald Bryggeså 480 11 002**

Andre som er med i konfirmantgruppa:

Roald Nøkland 916 05 190


Agnete Fidjeland 476 59 887

Janet Hadeland 959 08 423

Tor Reidar Hadeland 916 20 276

VELKOMMEN!

Eiken Indremisjon



KONTAKT

Eit konfirmantopplegg over 2 år frå Eiken Indremisjon

Kva er Kontakt?

Kontakt er Eiken Indremisjon sitt konfirmantopplegg. Opplegget går over 2 år og det byrjar hausten 8. klasse. Det er mogleg å melde seg på undervegs dersom du ikkje bestemmer deg før 9. klasse. Det er opent for alle og du treng ikkje vere medlem i Eiken Indremisjon for vere med på Kontakt. Det er heller ingen krav til at du skal vere døypet. Eiken Indremisjon er eit sjølvstendig kristen lag (Eiken-IMF), knytt opp til Indremisjonsforbundet Sør og Indremisjonsforbundet, Bergen.

Ordet **KONTAKT** er vald av fleire grunnar:

KONfirmasjon tyder å bekrefte/stadfeste. Bibelen stadfestar at du er uendeleg mykje verd – du er høgt elsa og dyrt kjøpt. Det er vårt ønske for konfirmasjonstida at du vil tru på Jesus og følgje Han gjennom livet

KonTAKT. Jesus ønsker at livet ditt skal vere i takt med Hans vilje. Han har bare fredstankar for deg, Han vil gi deg framtid og håp

KONTAKT: Gjennom tida som konfirmant vil du få kontakt med andre ungdom og kristne fellesskap. Vi ønsker at du skal bli kjent med Jesus, få leva i trua på han, ha tillit til Bibelen som Guds ord og gjere eit val om å halde kontakten med Jesus for alltid. Du får oppgåver og ansvar i det kristne fellesskapet (lydteknikar, musikar, songar, andre oppgåver...)

Korleis er samlingane lagt opp?

Kontakt byrjar med eit informasjonsmøte for foreldre og konfirmantar i august. I september blir det eit familiemøte med konfirmantpresentasjon. Konfirmantane får utdelt studiebibelen som ei gavé frå Eiken Indremisjon.

Kontakt er eit opplegg som tek opp tema frå kvar dagan vår og tema som er sentralt i den kristne trua. Samlingane blir på eit utval måndagar k.l 19 – 21 på ungdomsloftet, Eiken Bedehus.

Tema:

Skapingsa	Himmelen
Syndefallet og sonofferet	Den Heilage Ande
Frelst. Kva tyder det å vere frelst?	Livet som kristen
Kva vil det seie å tru på Jesus?	Eit liv i etterfølging
Korleis kan eg vite at eg er kristen? Kva betyr Jesus for meg?	
Bøn	Israel – Guds folk
Nåde

Samlingane er uhøgtidlege og har ein undervisningsdel og ein samtaledel. Ofte får vi besøk frå kretsen og då er det naturleg at desse tek undervisninga. Konfirmantane må ha med Bibel. Vi slår opp bibelvers, les saman og tek del i undervisningsdelen med spørsmål, svar og det vi måtte ha på hjertet. Det er alltid ein pause med noko godt å ete!

Vi har nokre turar i løpet av konfirmasjonstida. Dette blir nærmare avtalt med konfirmantar og foreldre etter kvart. Målet for desse turane er å bli betre kjent med kvarandre, dela Guds ord og ha det triveleg saman. Av og til inviterer vi med tidlegare konfirmantar for å bruke desse som unge leiarar og samtidig kan det vere flott for dei nye konfirmantane å vere saman med desse.

Samarbeid med andre bedehus som har konfirmantar

Vi har eit samarbeid med Randesund bedehus og Flekkerøya bedehus. I løpet av konfirmasjonsåret har vi lagt opp til tre samlingar med leiarane og konfirmantane frå desse plassane:

Førjulstrekk på Randesund bedehus i desember. Andakt, mat og kos

Weekend på Kvinatun: ei helg i februar/mars. Samlingar, leik og moro. Scootertur på Hekkfjell med andakt, aking og artige folk.

Sjø og båt på Flekkerøya i juni.